

* **Matforsyning**

Svenske forskarar slår fast at matforsyninga er svært **sårbar**. Svikt i tilgangen på drivstoff vil gi matmangel og svolt, viser rapport.

Energisvikt kan raskt gi matmangel

Svensk matforsyning taklar ikkje ein større svikt i tilgangen på fossil energi. Det går fram av ein rapport som Instituttet for jordbruk og miljøteknikk (JTI) i Sverige har laga saman med fleire andre svenske forskingsinstitutt.

I rapporten blir det trekt opp tre scenario der tilgangen på fossilt drivstoff blir strupt med 25, 50 eller 75 prosent, som følgje av internasjonal uro. Resultatet vil raskt bli svikt i både matproduksjon og matimport, noko som ifølgje forskarane vil få store konsekvensar for matforsyninga.

– Vi skulle klart oss brukbart med 25 prosent mindre energi ved å effektivisere. Ved halvert energitilgang vil vi raskt kome i ein situasjon der vi ikkje kan dekke befolkningas matbehov, seier forskar og prosjektleiar Ola Pettersson ved JTI.

– Gir svolt og matmangel

I eit perspektiv på tre til fem år er det ifølgje forskarane for kort tid til å gjennomføre ei teknisk omstilling til mindre bruk av fossil energi, for å kunne takle situasjonen. Resultatet av ei energikrise vil dermed bli at maskinar må erstattast med manuelt arbeid, jord vil bli lagt brakk og avlingane vil bli kraftig redusert i både inn- og utland.

Ved ein middels energisvikt ville produksjonen av korn ifølgje rapporten bli meir enn halvert. Det same ville produksjon av svin og kylling, medan nedgangen for fisk, oljevekstar, frukt og bær blir rekna til mellom 40 og 50 prosent. Nedgangen for mjølk og poteter vil bli litt mindre, medan ein ser føre seg at produksjonen av grønsaker vil vere stabil. Forskarane ventar ei omlegging til meir beitebruk med storfe og sauer, og at produksjonen av mørkt kjøtt kan gå svakt opp.

Samla vil derimot matproduksjonen og tilgangen på mat bli kraftig redusert.

– Er energisvikten på middels eller høgt nivå vil vi ikkje klare forsyne befolkninga med mat på eit nivå som er haldbart over tid. Vi ville raskt kome i ein svolt-situasjon, står det i rapporten.

Matinntaket målt i energi er venta å kunne bli meir enn halvert, og nedgangen er størst på karbohydrat. Det blir også skissert ei stortilt omlegging av kosthaldet til dei matvarene ein kan produsere mest energieffektivt.

– Våre utrekningar viser ein drastisk reduksjon i energiinnhaldet i kosten om tilgangen på fossilt brensel blir halvert, seier forskar Johanna Berlin ved Sveriges Tekniska Forskningsinstitut.

Vil strupe importen av mat

I rapporten går det fram at knapt 60 prosent av maten som blir konsumert i Sverige, er produsert og foredla i Sverige. I tillegg er den svenske mateksporten på det halve av importen målt i verdi.

Ein energisvikt reknar forskarane med vil strupe flyten av mat sidan transportkostnadene vil gå kraftig opp. Produksjon nær marknaden blir trekt fram som

Fakta

Matforsyninga i Sverige

* **Knapt 60 prosent** av maten som blir konsumert i Sverige er produsert og foredla der. Svensk mateksport er den halve av importen målt i verdi.

* **Det direkte behovet** for fossilt brensel i svensk jordbruk er på 2,6 TWh. I tillegg kjem indirekte forbruk frå gjødsel og andre innsatsfaktorar.

* **Svikt i tilgangen** på fossil energi vil ifølgje ein rapport raskt gi redusert matproduksjon i inn- og utland og svikt i svensk matforsyning.

Kjelde: Rapporten «Sveriges primärproduktion och försörjning av livsmedel – möjliga konsekvenser vid en brist på tillgänglig fossil energi».

svært viktig. Matindustrien og foredlinga vil bli sterkt ramma. Drivstoffprisen kan ifølgje forskarane stige så høgt som til 160 kroner literen og tilgangen på gjødsel og andre innsatsfaktorar vil bli innskrenka.

Avstanden til matproduserande område og den lokale sjølvforsyningsgraden vil også føre til at ein svikt i matforsyninga vil slå ulikt ut mellom regionane. Forskarane trekkjer fram område med liten matproduksjon eller stor konsentrasjon av folk som mest sårbare.

– Store delar av Norrland og Stor-Stockholm er til dømes veldig avhengige av inntransport av mat, medan eksempelvis Skåne er mindre sårbare, står det i rapporten.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no

nationen.no

Les rapporten på nationen.no



Matforsyning: Kornproduksjonen kan bli hardt ramma ved ein svikt i tilgangen på

Norske forskarar

Forskarar er usikre på i kor stor grad norsk matforsyning vil bli ramma av ei energikrise, men fleire trekkjer fram at stor matvareimport gjer oss sårbare.

Norske landbruksforskarar er usikre på kva effekt ein svikt i oljeforsyninga internasjonalt ville kunne få for den norske matproduksjonen. Dagleg leiar Christian Anton Smedshaug i AgriAnalyse seier Norge som oljeproduserande land har litt andre føresetnader enn Sverige.

– Vi er avhengige av import av

mat- og kraftfôrråvarer. Det gjer matforsyninga vår sårbar, men slik eg forstår det har vi framleis ein viss raffinerikapasitet. Det gjer at vi kan prioritere å lage drivstoff til matforsyninga i ein krisesituasjon, seier Smedshaug, som har gitt ut fleire bøker om utfordringane for den globale matforsyninga.

Avdelingsdirektør Per Chris-

MATFORSYNING

«Ved halvert energitilgang vil vi raskt kome i ein situasjon der vi ikkje kan dekke befolkningas matbehov.»

OLA PETTERSSON
FORSKAR VED INSTITUTTET FÖR
JORDBRUKS- OCH MILJÖTEKNIK (JTI)



nationen.no

Følg Landbrukssamvirkets årlige konferanse Mat og landbruk som starter på Gardermoen i dag. Vi gir deg direkte sendt nett-tv, nyhets-saker og kommentarer fra konferansen.

fossilt brensel, ifølge forskarar. Ein svensk rapport slår fast at matforsyninga er sårbar, og norske forskarar reknar med at mange av utslaga som er venta i Sverige òg vil kunne slå inn her i landet.

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

seier import gjer matforsyninga sårbar

tian Rålm på Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (Nilf) seier det kan stillast fleire spørsmål ved premissane som er lagt inn i den svenske rapporten. Effekten av knappare tilgang til fossilt brensel trur han derimot dels vil kunne bli større her.

– Om vi aksepterer premissen, så vil nok kornproduksjonen også her i landet kunne bli hardast ramma. Effekten av auka transportkostnader kan også slå hardare ut her i landet, og gi meir gjengroing og utfordre produksjonsstrukturen i større grad, seier Rålm.

Han seier også at ein kan tenke seg ei dreining av kosthaldet mot

meir fisk, men at fiskeoppdretten her i landet vil kunne bli meir ramma av ei energikrise enn fangst av villfisk.

Seniorforskar Hilde Bjørkhaug ved Bygdeforskning har nyleggitt ut ei bok der matproduksjonen òg

blir set i lys av klimaendringane. Ho ser gjerne eit tilsvarende norsk forskingsprosjekt.

– Temaet er kjempeinteressant. I vår oljeøkonomi er det kanskje ein fjern tanke, men eg trur absolutt spørsmåla bør stil-

last også her, seier Bjørkhaug.

Ho viser til at vi importerer over halvparten av maten vi treng her i landet, og at det er usikkert korleis ei energikrise vil slå ut.

– I 2008 førte situasjonen til at delar av korneksporten vart stoppa. Det same kan skje igjen. I ein krisesituasjon er ein avhengig av dei lokale ressursane. Vi gjer oss stadig meir sårbare ved å ta jord ut av produksjon og leggje opp til meir transport, seier ho.

Smedshaug seier ein størst moglege eigenproduksjon av mat og ei velfungerande verdikjede er dei sikraste korta å ha på hand i ein krisesituasjon.

– Rapporten viser kor viktig det er å ha ein tilstrekkeleg eigenproduksjon. Elles blir ein sårbar. Blir det krise, er det nesten umogleg å byggje opp det som er bygd ned, seier Smedshaug, som òg tek til orde for beredskapslager for korn.

Ifølge Rålm har verdas matforsyning dei siste tiåra blitt stadig meir avhengig av fossilt brensel.

– Det er ei stor global utfordring, og vi ser òg at matprisane dels svingar i takt med oljeprisen. Ein ser ein må prøve å utnytte ressursane der dei er og redusere energiforbruket, men som på klima trengst det eit globalt samarbeid, seier Rålm.



NÆRT SAMANKNYTT

«Vi ser òg at matprisane dels svingar i takt med oljeprisen.»

PER CHRISTIAN RÅLM
FORSKAR PÅ NILF